

Radøy Skyttarlag,
V/Øystein Dalland,
Vardane 21,
5911 Alversund

Alversund den 12 mai 2019

Radøy kommune,
Krossvegen 8,
5936 Manger

RULLERING AV KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ.

I samband med rullering av kommunedelplanen vil Radøy Skyttarlag koma med følgjande innspel:

Nytt aktivitetsanlegg for sportsskyting, jaktskyting og friluftsliv må få høg prioritet no når det er starta arbeid med anlegget.

Skyttarlaget ser det som viktig at aktivitetsanlegga i Stokkedalen vert sett på som eit felles anlegg, og prioritert i høve til det i kommuneplanen.

Anlegget med anlegget er som nevnt påbyrja. Infrastruktur som tilkomstvegar og parkering er bygd, 100m riflebane ferdigstilt, pistolbane påbyrja og 200m riflebane påbyrja.

Grunngjeving:

Det planlagde aktivitetsanlegget for skyting vil gi plass for dei fleste aktivitetar innan skyting. Eit aktivitets-anlegg for skyting er i tillegg til å vera eit idrettsanlegg, eit svært viktig og naudsynt anlegg for eit aktivt friluftsliv innan jakt og fiske.

Tradisjonelt har det vore slik at far/bestefar har stått for opplæring av ungdom til å verta aktive innan skyting, jakt og friluftsliv. Slik er det ikkje lenger. Med urbanisering av samfunnet har det for mange unge vorte vanskelegare å verta introdusert for desse aktivitetane. Skytebaner med opplæring i god våpenkultur, jegeropplæring og miljø saman med folk som ferdast i naturen har blitt ein viktig inngangsport for ungdom til eit aktivt friluftsliv.

For dei som skal driva jakt er det offentleg pålagt krav om opplæring, skytetrening og årleg obligatorisk skyteprøve for storviltjegerar.

Skyting er ein aktivitet som har utøvarar i alle aldersgrupper, også funksjonshemma.

Radøy Skyttarlag har som initiativtakar arbeidd med planane for aktivitetsanlegget sidan 1991.

Radøy Skyttarlag har i planane for aktivitetsanlegget tatt med naudsynte anlegg for andre typar skyting enn det laget sjølv driv med. Det er gjort for at flest moglege aktivitetar skal kunna drivast på ein stad. Eit aktivitetsanlegg der fleire lag samarbeider gjev og betre utnytting av offentlege tilskot og frivillig innsats.

Planlagt aktivitetsanlegg for skyting i Radøy vil verta realisert ved samarbeid mellom følgjande organisasjonar:

RADØY SKYTTLARLAG tilslutta DET FRIVILLIGE SKYTTERVESEN

Skyting med rifle på 100 og 200 meter.
Opplæring innan skyting og god våpenbruk.

RADØY SPORTSSKYTTARLAG tilslutta NORGES IDRETTSFORBUND.

Skyting med miniatyrrifle. (Salongrifle/cal .22).

NORDHORDLAND PISTOLKLUBB tilslutta NORGES IDRETTSFORBUND.

Skyting med pistol. Sikkerheitskurs for pistolskyting.

NORDHORDLAND JAKT – OG FISKELAG tilslutta NORGES JEGER OG FISKEFORBUND.

Skyting med rifle og hagle.
Opplæring/kurs innan:
Jegerprøve – skyteleiarar – skyteinstruksjon – fiske – fangst .

Alle laga har som prioritert oppgåve å driva med ungdomsarbeid.

Totalt har desse laga om lag 650 medlemmer.

Anlegget er planlagt å bestå av følgjande:

1.Felles lagshus.

Huset vil innehalda forsamlingslokale –kjøkken – eit kontor til kvart lag – sekretariat – toalett.

Loft med undervisningslokale, kjeller med lagerrom – våpenrom – kjøle/nedskjæringsrom for viltkjøt til bruk og undervisning.

Anlegg for:

Radøy Skyttarlag.

2: 200 meter riflebane med støydempa standplassbygg 8 standplassar og elektronisk anviste skiver.

3: 100 meter riflebane med støydempa standplassbygg 12 standplassar og elektronisk anviste skiver. (Anlegget er ferdigstilt i 2018.)

Radøy Sportsskyttarlag.

4: 50 meter miniatyrbane med støydempa standplassbygg med 8 standplassar og 5 elektronisk anviste skiver. **Bana vil kunne vera eit regionanlegg.**

5: 50 meter miniatyr viltmålbane med 2 standplassar, i same standplassbygg som 50 meter bana, med ei elektronisk anvist skive. **Bana vil kunne vera eit regionanlegg.**

Nordhordland Pistolklubb.

6: 25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg 10 standplassar med elektronisk anviste skiver. **Bana vil kunne vera eit regionanlegg.**

7: Permanent feltpistolbanlegg med fleksibelt skiveoppsett med manuell anvisning. **Feltanlegget vil kunne vera region- og fylkesanlegg med kapasitet til å arrangera NM på.**

Nordhordland Jakt og Fiskelag.

8: Lerduebane jegertrap med støydempa standplass.

9 : Kompakt sportingbane for lerdue med overbygde standplassar. **Bana vil kunne vera eit regionanlegg.**

10: Permanent løype for jaktfeltskyting med fleksible standplassar og skiveoppsett med manuell anvisning. **Bana vil kunne vera regionanlegg.**

11: Viltmål/elgbane med støydempa standplassar, 2 fastmål og to for bevegelege mål, elektronisk anviste skiver. **Bana vil kunne vera regionanlegg.**

Rekkefølga for anlegga er ikkje prioritert. Dette kjem ein attende til seinare i samband med søknader om spelemidlar.

Nokre av anlegga er kan vera regionale anlegg og krev samarbeid mellom 2 eller fleire kommunar.

Skyttarar og jegrar i Radøy og omegn ser fram til å få eit moderne og miljømessig anlegg til å driva sine aktivitetar på etter å ha arbeidd med planar i over 25 år.

Med venleg helsing

Radøy Skyttarlag

Øystein Dalland

Form.